

Reglement for partssamansett utval (PSU)

Vedtatt i fellesrådet 21.10.2020

Utvalet skal utføre oppgåvene sine i samsvar med føresegnene i Forvaltningsloven og Offentlighetsloven. Spørsmål om habilitet skal vurderast ut frå Forvaltningsloven § 6 der ein angir både objektive kriterier og kriterier etter skjønn. I tillegg gjeld Kirkeloven § 38 andre ledd.

1 Val og samansetjing

PSU består av minst 3 medlemmer valde av og frå fellesrådet, og minst 2 medlemmer peika ut av og blant arbeidstakarane. Der ein eller fleire arbeidstakarar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, peikar ein ut arbeidstakarrepresentantane etter reglane i Hovedavtalen § 10.

Arbeidstakarar kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Arbeidsgivarrepresentantane blir valde blant representantane i fellesrådet. Fellesrådet vel leiar og nestleiar blant arbeidsgivarrepresentantane i utvalet.

Både arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane blir valde/peika ut for ein 4-års periode (dvs. valperioden for soknerådet). Dersom spesielle grunnar taler for det, er det høve for arbeidstakersida til å skifte ut medlemene sine etter 2 år.

Dersom eit medlem går ut av utvalet, blir nytt medlem vald / peika ut for resten av perioden sjølv om det er valt varamedlem. Gjeld denne leiaren, skal det veljast ny leiar, sjølv om det tidlegare er valt nestleiar.

Det blir valt/peika ut personlege varamedlemmar både for arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane.

2 Mandat

Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom fellesrådet som arbeidsgivar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovedavtalen § 10-1 «Administrasjonsutvalg/partssammensett utval».

3 Saker der utvalet har avgjerdsrett

PSU fattar vedtak innanfor dei retningslinjene som er fastsette i lov, i medhald av lov eller er vedtekne av fellesrådet, og innanfor fastsette budsjettrammer.

Utvalet har avgjerdsrett i følgjande saker:

- godkjenne stillingsomtaler for stillingar i fellesrådet
- Avgjere søknader om permisjon som går ut over det som står i Permisjonsreglementet, og avgjere tvist om tilsette kan ha anna lønna arbeid utanom hovudstillinga (jf. Arbeidsreglement punkt 13).

- Avgjere spørsmål som gjeld tolking av fellesrådet sine reglement om tilsetjing og arbeidsvilkår. (Tolkning av tariffavtaler følgjer reglane i Hovedavtalen § 5).
- Andre saker som fellesrådet delegerer til utvalet.

4 Saker der utvalet har uttalerett

- Innstille i tilsetjingssaker. (Unntak der kyrkjeverja åleine kan ta avgjerd)
- Gje uttale ved tilsetjing av dagleg leiar(kyrkjeverje).
- ved oppretting, nedlegging, oppseiing, og eventuell endring av stillingar.
- ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og evt andre lokale reglement.
- ved utvikling og omstillingsprosessar, inkl. nye organisasjons- og bemanningsplanar. (jf. Hovedavtalen § 10-1 b)
- ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemidla.
- ved forslag til effektiviseringstiltak.
- ved andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet.

5 Møte i PSU

- Utvalet skal ha møte når leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 medlemmer krev det. For å ivareta framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan for utvalet.
- Utvalet blir kalla inn skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumenta blir sende til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett.
- Møta i utvalet blir normalt halde for lukka dører.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades, medrekna leiar eller nestleiar. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal er stemma til leiaren avgjerande.
- Dagleg leier/ kyrkjeverja, eller den han peikar ut, er sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt, samt tale- og forslagsrett.
- Leiaren i fellesrådet og dagleg leiar/kyrkjeverje har møte-/tale- og forslagsrett i utvalsmøta sjølv om desse korkje er medlem eller sekretær i utvalet.
- Sekretæren kan i samråd med leiaren innkalle andre det er ynskjeleg å rådføre seg med.
- Det skal førast møtebok som blir sendt til medlemmer og varamedlemmer og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet. Møtebok blir også send medlemmene i fellesrådet.